

FRODE GRYTEN

MENN SOM INGEN TRENG



SKULEMATERIELL

Fakta om framsyninga _____	Side 2
Før du ser framsyninga _____	Side 3
Etter framsyninga _____	Side 4
Musikk som verkemiddel og bindeledd _____	Side 5



FAKTA OM FRAMSYNINGA

MENN SOM INGEN TRENG

Premiere: 6. april 2024

Scene: Store Scene

Varighet: Ca. 1 time og 50 min. (ingen pause)

Av: Frode Grytten

Regi og bearbeidelse: Lasse Kolsrud

«Menn som ingen treng» er ein nyskriven tekst av Frode Grytten. Han har tidlegare skrive ei novellesamling med same namn, men sett bort frå det gjennomgåande temaet har ikkje teaterstykket og boka noko med kvarandre å gjere.

I «Menn som ingen treng» møter vi sju ulike menn med kvar si historie. Av ulike grunnar har dei hamna på utsida av samfunnet. Fortvilt kjempar dei for å komme seg inn igjen. Inn i varmen, inn i fellesskapet.

Tittelen til stykket er lånt frå songen «Don't Give Up» av Peter Gabriels og tekstlinja For every job, so many men/So many men no-one needs. Songen vart skrive til dei mennene som blei til overs etter at Margaret Thatcher endra gruveindustrien i England på 80-talet. Menn som før kunne kjenne seg som sjølve navet i samfunnet, men som ingen lenger treng.

FØR DU SER FRAMSYNINGA

Jobb gjerne saman og svar på desse spørsmåla:

Oppgåve 1 Kva forventningar eller assosiasjonar får de av tittelen «Menn som ingen treng»?

Oppgåve 2 Gå inn på dns.no/forestillinger/menn-som-ingen-treng/. Korleis er det visuelle uttrykket til framsyninga? Scenefoto / trailer /plakatfoto? Kva gjer dette med forventningane til det dykk skal sjå?

Frode Grytten er forfattar for framsyninga. Her kan du lese eit intervju med han dns.no/intervju-med-frode-grytten-a-sette-lys-pa-det-som-ligger-i-morket/

Oppgåve 3 Kven sine historier er forfattar og dramatikar Frode Grytten særleg opptatt av å fortelje?

Oppgåve 4 Synes Frode Grytten at mannsrolla er i krise?

Oppgåve 5 Kvifor meiner Frode Grytten at det er viktig for oss å kome inn i varmen av eit fellesskapet?

Her kan du lese kva Frode Grytten sjølv skriv om stykket [LENKE dns.no/frode-grytten-jaekla-menn/](https://dns.no/frode-grytten-jaekla-menn/)

Oppgåve 6 Er du samd i det Frode Grytten skriv om menn i 2024?

Oppgåve 7 Er karakterane han har skapt i «Menn som ingen treng» truverdige?

Bonusoppgåve

I teksten skriv Frode Grytten om musikkvideoen til songen «Don't Give Up» av Peter Gabriel det tittelen er henta frå. Sjå gjerne musikkvideoen etter du har lese teksten «Jækla menn». Musikkvideoen finn du her: www.youtube.com/watch?v=VjEq-r2agqc



ETTER FRAMSYNINGA

Gå sammen to og to, for så å dele med klassen.

Oppgave 8 Prøv å gi eit kort handlingsreferat utan å tolke. Kven, kva, kvar er eit godt verktøy.

Oppgave 9 Kva likte de med framsyninga? Det beste, det morosamaste, det merkelegaste, det dårlegaste, det mest rørende, noko de kjente igjen? Grunnge meningane.

Scenografi er kulisser og anna du ser på scenen som ikkje er skodespelarane. Av og til illustrerer scenografien miljøet scenen utspelar seg i slik som utandørs på ein benk eller i ei stue. Scenografien kan være realistisk med riktige møblar, vindauge og veggjar, andre gonger meir abstrakt med berre enkle element.

Oppgave 10 Korleis var scenografien i denne framsyninga?

Oppgave 11 Sei noko om formgrepet: scenografien og scenerom, lys, kostymer og spelestil?

Oppgave 12 Gi eit døme på korleis scenografien markerte skifte av tid og stad i framsyninga.



MUSIKK SOM VERKEMIDDEL OG BINDELEDD

Gå sammen to og to, for så å dele med klassen.

Dei sju historiene i framsyninga blir bunde saman med musikk. Om kvifor Frode Grytten har skrivne inn desse songane i manuset svarar han:

«Popsongar er vanlege folks poesi. Popsongar er små tidskapslar som held oss saman. Dei sju mennene i dette stykket samlast i songen, songane er eit rituale, ein praksis, noko som gir ei kjensle av å vere mindre åleine, gjennom songane kan individet trø inn i fellesskapet. Å gå til songane er også å gå til ein plass der alt på innsida kan få sitt utløp. Ting som er problematisk å seie rett ut. Ting som ein skulle ha sagt for lenge sidan. Songane er rop, songane er lengt, songane er trøst, songane er minne, songane er konstant ekstase. I Menn som ingen treng syng personane på scena som om desse songane kan redde liv. Og det kan dei jo.»

Spørsmål:

Oppgåve 13 Er du / de einige i det Frode Grytten skriv? Kvifor eventuelt kvifor ikkje?

Oppgåve 14 Hadde framsyninga blitt noko anna uten bruk av musikken?

Oppgåve 15 Trur du / de at det er tilfeldig at dei fire kvinnelege musikarane er plassert slik dei er i scenerommet? Kva trur du / de eventuelt skal symbolisere?

Bonusoppgåve

Spelelista for «Menn som ingen treng» er:

Bill Fay: «City of Dreams»	Tom Waits: «Hell broke Luce»
Rose Cousins: «I would die 4 U»	Oliver Sim: «GMT»
Nick Cave: «White Elephant»	The The: «Infected»
David Bowie: «Boys keep swinging»	Tom Waits: «No one knows I'm gone»
Low: «Last night I dreamt that somebody loved me»	Angie McMahon: «The River»
Bruce Springsteen: «Missing»	Nick Cave: «Balcony Man»
	Chris Isaak: «Dancin'»

Har du / de tilgang på Spotify så finn de ei liste med songane her:

open.spotify.com/playlist/5MXICKt9DkNxKaWmwyqWer?si=547f1e4c297948fd

Ta for deg ein av songane. Leit fram teksten, og sjå om du finn noko samanheng i teksten til songen og handlinga i stykket.